

# Eit klima for dei yngre



Forfattar Erna Osland meiner ein kan snakka med born om alt – til og med klimaendringar. Men det må gjerast utan framandord og svartmåling.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

– Eg håpar at lesarane sit att med kjensla at dei er små, men at dei likevel er viktige og ein del av det store systemet. Det er noko med det å vere liten, men samtidig stor. Når det kjem mykje av det som er lite, kan det verte stort og mektig. Det er enormt mange regndropar i regnbye, seier forfattar Erna Osland.

Eigentleg ville ho skrive ei barnebok om vinden, men temaet vart utvida til meteorologi og vêr – eit felt som ikkje kan behandlast utan å koma inn på klimaendringane.

Resultatet er fagboka *Når det regnar i Afrika*, som kom ut på Samlaget i vår. Målgruppa er born i aldersgruppa 10–12 år, men stoffet er pedagogisk behandla slik at vaksne gjerne kan lese boka saman med mindre born.

Pedagog og forfattar Erna Osland er overtydd om at ein kan snakka med born om alt, berre ein legg det til rette for dei.

– Vêret er der alltid, og det er klart at det er morosamt for barn å vete noko om desse sterke kreftene. Når

det gjeld klima, tenkjer eg at ein ikkje skal svartmale: Visst skjer det ting som ser farlege ut, men det må dei vaksne gjer noko med, barn kan ikkje det. Det er viktig for barn å vite at vaksne arbeider med å få meir kunnskap og at mange, mange vaksne vil gjere noko med at det skal bli godt å bu her på jorda for alle, seier Osland, som ikkje

er i tvil om at svært unge born kan snappe opp at ikkje alt er som det skal i nyheitene.

Bilete av flaumar, stormar og andre katastrofar kan gjere kraftige inntrykk.

Osland er overtydd om at kunnskap i tillegg til å vere morosamt er nøkkelen til å få born til å bry seg om verda dei lever i.

– Når du har lese om ein maur og lært kva det er vil du ikkje trakke på han. Eg trur at born vil ta vare på det dei veit noko om. Då forpliktar dei seg til å verne om det – noko som vert kjekt, trur Osland, som tidlegare har gitt ut småkrypboka *Under ein stein*.

I desse dagar er forfattere i samarbeid med Vestnorsk teatersenter i gong med å utvikla eit deltakande formidlingsprosjekt om vêr, som dei håpar vert ein del av Den kulturelle skulesekken. Tanken er at borna skal få leike regndropar og vind saman med ein dansar og ein musikar. Slik skal dei sjevande vêrfenomena verte enno meir konkrete for dei yngste.



## Korleis snakkar me med born om klima?

Borna er dei som skal leva lengst med klimaendringane.

– Eg trur at born vil ta vare på det dei veit noko om, seier Erna Osland.

Ho har skrive med bok om verdas største utfordring.



www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

# Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

@avisapirion



Tips oss på [pirion@pirion.no](mailto:pirion@pirion.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)

# Om klimaendringar – og rosa fly



– Eg har prøvd å vere vegetarianar før, men det var skikkeleg vanskeleg, seier Nora (5,5 år).

TORA HOPE

Forteljningane flyg raskt frå klimaendringar til romskip, løver, tigrar og rosa fly i Fitjarstølane barnehage. Eldrid (6), Sebastian (5,5), Tori (5,5) og Nora (5,5) plar ikkje få lov å koma inn på dei vaksne sitt pause-rom. I dag har likevel dei fire innteke vaksensofaen, for å fortelja kva dei kan og meiner om ulike klimatiltak.

– Me må vera snille med miljøet, seier Nora og dei andre nikkar samtykkande.

– Mamma seier at bensin ikkje er så bra for jorda, og difor er det veldig lurt å bruka elbil, held ho fram.

## Vindmøllene er større enn ein trur

Sjølv om dei kanskje ikkje har tenkt på det sjølv, går dei i barnehage rett ved noko av det som av mange vert løfta fram som det

viktigaste klimatiltaket, nemleg ei satsing på fornybar energi.

– Eg har vore der oppe, og då såg eg vindmøllene, fortel Tori og peikar opp mot fjella bak barnehagen. Der snurrar 44 vindmøller med vindane.

Ungane har vore på tur til vindmøllene med barnehagen.

– Dei var skikkeleg store, seier Sebastian.

– Vindmøllene lagar for mykje bråk, syns eg. Men dei er bra fordi dei snurrar rundt og lagar straum. Den kan vi bruke til å sjå på tv, køyre bil og få lys. Utan verkar ikkje lyset, og då kan vi ikkje sjå, seier Eldrid.

– Utan straum måtte me ha koka maten vår på bål, seier Nora.

## Osbadet eller Syden?

Klimaendringane kan også stilla nye krav til vanene våre. Nordmenn ligg i Europa-toppen når det gjeld kor mykje me flyr og miljøorganisasjonen Framtiden i våre hender er blant dei som meiner at me bør fly mindre.

Alle i sofaen i barnehagen har flydd.

– Er det dumt viss me må fly mindre?

– Det er like kjekt å reisa på ferie utan fly. Eg syns det er like kjekt å reisa til Osbadet og til Syden, seier Eldrid.

Ein annan faktor som har blitt løfta fram som ein klimasyndar, er kjøtforbruket vårt. FNs organisasjon for ernæring og landbruk har slått fast at eit klima- og miljøvenleg kjøtforbruk er å ete mindre kjøt.

Korkje Sebastian, Eldrid, Tori eller Nora tykkjer det er noko dårleg forslag.

– Det er ikkje noko problem, uttalar dei samstemt.

– Eg har prøvd før å vere vegetarianar faktisk, men det var skikkeleg vanskeleg. Eg var det i eit par veker eller noko sånt, men så slutta eg å prøva. No et eg berre litt lite kjøt. Eg sakna pølse og kjøtdeig litt,

kanskje. Eg prøvde fordi eg likar dyr så godt, seier Nora, som bur på ein gard med katt, høne, kyr og kanin.

## Forbode å kaste bos

I barnehagesofaen er sortering og det å ikkje forsøple eit viktig tema.

– Naturen kan bli øydelagt av bos.

Eg har sett mykje bos i naturen. Det er natursvin som hiv boset, seier Nora.

– Kanskje me kan setja opp eit skilt, der det står at ein ikkje skal kasta bos for å ta vare på miljøet. Eller eit flagg der det står at i Noreg skal ein ikkje kasta bos, seier Sebastian.

– Og så kan ein ta med ein pose og plukka bos, seier Nora.

– Eller ein kan fiksa boset, slik at ein kan bruka det opp att, seier Sebastian.

– Sorterer dykk boss heime?

– Me må sortera heime. Eg har laga mitt eige bosspann av ei øskje, seier Eldrid.

– Me må sortera flasker, papir, bioavfall og restavfall. Brukte strømpebukser med hol i og tannekostar må i restavfallet, seier Nora.

– Me må sortera slik at det ikkje skal rotne og lukte kjempekkelt, seier Nora.

## Råd mot meir regn

Klimaendringane kan føre til våtare og villare vêt. Dei fire i barnehagen kan fortelja at dei har sett flom på tv.

– Eg har sett på tv at det var fullt med vatn og nokre hus hadde dotte ned i vatnet. Dei klarde ikkje køyre bil ein gong, fortel Eldrid.

Ungane er likevel ikkje så uroa for regnet. Når det regnar i barnehagen har dei ei løysing – dei har nemleg ein regn-song.

– Me syng den songen når det regnar og det hjelper alltid. Me syng han ein gong, så ventar me litt og gjer det ein gong til. Av og til syng eg han ni gongar. Då hjelper det i alle fall, forklarar Sebastian.

Og idet vi byrjar snakka om vêtet, stemmer dei førstemt i:

Dette er ein regnvêrsang, difor må den vere lang. Sånn at vi kan sitte her, til det blir litt betre vêt. Regn, regn gå din veg. Sol, sol, kom til meg!



## Viktig bok som tar barna på alvor

Erna Osland med ei ny flott faktabok for born – denne gongen om vêt og klimaendringar.



Ei bok om vêt og klimaendringar Av Erna Osland Illustrert av Per Ragnar Møkleby Samlaget, 2015

Korleis skriv ein for born om noko så stort, komplekst og viktig som klimaendringar og vêt? I boka *Når det regnar i Afrika*, byrjar Erna Osland med regnet. Me får vita korleis regnet blir til, og kor mange skydropar det er i kvar regndrope. Samtidig blir me kjent med Styrk som drøymer om regn. Far hans og mormora hans er i Afrika og byggjer vatningsanlegg, men regnet kjem ikkje.

Dei mindre historiene om Styrk passar godt til faktatekstane, men kan òg lesast berre for seg. Dei gjev fine avbrekk innimellom all kunnskapen som strøymer over dei nesten 90 sidene i boka. Her er det mykje å læra, både for vaksne og barn! Erna Osland viser igjen evna si til å skapa undring og lyst til å lesa meir om den forunderlege verda me bur på.

Med historiene om Styrk og faren og mormora hans i Afrika er òg med på å visa engasjementet til forfattaren for kva som hender med det livsviktige vêtet vårt. Som ho skriv: «vi må gjere som Styrk: Vi må ta grep.»

Meldt av: Svein Olav B. Langåker